

# Innspel frå næringsaktørar i møte med kommunen 18. januar 2010

## Havbruk

- Turid Lande Solheim, Marine Harvest

## Bygg

- Svein Bjarte Veastad og Frank Søllesvik, Kvinnherad Bygg


## Industri

- Svein Arne Eidsvik, Eidsvik Skipsbyggeri
- Tor Bringedal, Sør Norge Aluminium

## Landbruk

- Lars Børge Sæberg, bonde

- ▶ Marine Harvest, Turid Lande Solheim
  - God marknadssituasjon for næringa.
  - Hordaland står for 14% av salsvolumet.
  - Næringa forskyver seg nordover, uroa over at Vestlandet misser tyngde.
  - God fagkunnskap, god HMS, god berekraft i høve til annan matproduksjon.
  - Omdøme ei utfordring. Negativ merksemd i media siste fem åra.
  - Myndigheitene treng mykje informasjon for ikkje å verte del av "hylekoret".
  - Rammeføresetnader kan endrast over natta, td. endringa av reglane for oppdrett i Hardangerfjorden.
  - Ei utfordring å berga villaksen, næringa vil ta ansvar.
  - Lakselus og røming, negativt for villaksen.
  - Treng dialog med Kvinnherad kommune, viktig at lokalpolitikarane får gode argument i møte med andre mynde.
  - Arealdisponering: Treng større, men færre, lokalitetar. Viktig at kommunen har forståing for korleis bedrifta tenkjer.
  - Treng politisk støtte "når det bles som verst", støtte til næringa.
  - Næringa er ikkje negativ til eigedomsskatt, ønskjer å bidra tilbake til vertskommunane.

- ▶ Kvinnherad Bygg, Svein Bjarte Veastad og Frank Søllesvik
    - Har gått bra i Kvinnherad, og det gjer det framleis i 2010. Er noko uroa for utviklinga frametter.
    - Saknar tilrettelegging for hyttetomter, særleg nær sjø. Vil skapa aktivitet for byggebransjen, men ser fylkesmannen som ei utfordring grunna strandsonpolitikken.
    - Ønskjer at kommunen er meir aktiv, td. forskottera utgifter for grunneigarane ved eigedomsutvikling.
    - Går for seint å få gjort om areal i kommuneplan til byggeområde for hytter.
- 

- ▶ Eidsvik Skipsbyggeri, Svein Arne Eidsvik
  - 12 – 16 måneder frå kontrahering til skroget er ved kai. Treng lang ordrehorisont.
  - Følsam for prisstiging i byggeperioden.
  - Generelt: Politikarane for lite synlege, slåss ikkje for næringa. Gjeld både sentralt og lokalt. Verftsindustrien er desentralisert, gløymer at distriktsnoreg treng slike arbeidsplassar.
  - Færre og større fartøy i fiskeflåten, men dei ligg til land store deler av året grunna kvotepolitikken.
  - Supplybåtar ofte kontrahert på spekulasjon. No stramar det seg til med auka krav til eigenkapital.
  - Desse endringane gjer næringa meir utsett.
  - Opplever proteksjonisme andre stader i verda, men ikkje i Noreg. Her er det større fokus på å gjera det enkelt for utlendingar, heller enn å nytta verkemiddel for å sikra eigen industri oppdrag.
  - Innovasjon Norge sine verkemiddel må nyttast, politikarane må følgja opp og sikra tildelingar til IN.
  - Opplever sjukelønsordninga som urettferdig, bedrifta må betala for dei første 16 dagane uansett årsak til sjukdomen.
  - Ønskjer å samsnakka mykje meir med politikarane.

## ▶ Søral, Tor Bringedal

- Permitteringar frå april 2009, halve produksjonen stengt av. Ein hall ute av drift.
- Vanskeleg å sjå framover, trongen for aluminium vil auka, men kvar i verda vil produksjonen skje?
- Kan berre halde på slik ein avgrensa periode. T.d. sluttar 10–15 tilsette på naturleg avgang kvart år som ikkje vert erstatta; misser kompetanse.
- Vil med denne utviklinga etter kvart ikkje vera i stand til å starta opp att B-hallen.
- Strømvartale ut 2012, usikkerheit etter dette.
- Viktig å ha besøk av stortingspolitikarar, lokalpolitikarane bør vere aktive for å få til dette.
- Vert ikkje jobba med kolkraftverket i dag, men er ikkje klare til å frigje arealet til andre føremål enda.

- ▶ Landbruket, Lars Børge Sæberg
  - 315 årsverk i Kvinnherad (2008)
  - 10 mill. liter mjølk i året, 900 tonn kjøtt. Ligg på 2. – 3. plass i sysselsetting og verdiskaping i Hordaland.
  - Misser driftseiningar, 200 stk. frå 1989 – 1999. Produksjonen likevel stort sett den same.
  - Ikkje problem med overproduksjon, men vi er ikkje sjølvforsynte.
  - Kanaliseringspolitikken viktig for å behalda mjølkeproduksjonen.
  - Transport er ei stor utfordring.
  - Stort og godt miljø blant bøndene i Kvinnherad. Avhengig av levande bygder for lysta til å satsa, rekruttering til næringa.
  - Store lokale avstandar gjer det vanskeleg å nytta dei stordriftsfordeler det vert lagt opp til, t.d. ved samdrift.
  - To liner frametter: 1) Stor og effektiv drift. 2) Nisjeproduksjon. Begge deler til stades i Kvinnherad utan å vere til ulempe for kvarandre.
  - Lønsevna i landbruket er låg, ei utfordring for rekrutteringa.
  - Stort investeringsbehov fram til 2024, nye krav til driftsbygningar tilseier 95 nye fjøs i denne perioden. Ikkje god økonomi ved mindre enn 20 mjølkekyr pr. fjøs.
  - Jordvern viktig i arealpolitikken.
  - Aukande del av skogproduksjonen vil gå til slip grunna hjorteskarar.

## ▶ Moment frå drøftinga:

- Kommunetilsette bør vere meir innstilt på å få realisert føreslegne prosjekt; meir positivitet i kundekontakten.
- Kvinnherad bør satsa på å vera ein "bygdakommune"; dette er eit konkurransefortrinn.
- Sats på samferdsle og kommunikasjonsteknologi for å leggja til rette for desentralisert næringsutvikling.
- Kommunen bør satsa meir aktivt på næringsutvikling for å møta endringar, og bør også orientera seg mot miljø utanfor kommunen.
- Etablera eit nettverk mellom kommunen og næringslivet; eit lettdrive forum.
- Det er mykje for dårleg kvalitet på ferjer og ferjeruter.
- Må verta flinkare i Kvinnherad til å koma til oss arbeidsplassar knytt til konsernadministrasjon, statlege arbeidsplassar o.l.
- Må ikkje miste fokus på nyskaping sjølv om ein er oppteken av å berga eksisterande arbeidsplassar.
- Ei mentor-ordning for "uerfarne" bedriftsleiarar er ønskeleg.